Forskrift om endring av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune (innføring av gebyrsonar), Hjartdal, Telemark

Heimel: Vedteke av Hjartdal kommunestyre dd. mmmm 2025 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3 og 5 og forskrift 1. juli 2004 nr. 931 om begrensning av forureining § 16-1 andre ledd.

I

I forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune, 16. desember 2020, gjerast følgjande endringar:

§ 1-2 Verkeområde skal lyde

§ 1-2 Verkeområde

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjonen av abonnent i § 1-3, og ho fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

Kommunen kan vedta at kvart vass- eller avløpsanlegg skal reknast som ei eiga gebyrsone. Då gjeld bestemmingane i denne forskrifta for kvar av gebyrsonene, men gebyra i ei sone skal berre dekkje kostnadane i den sona.

§ 1-3 Definisjoner, ny bokstav g, skal lyde

g) Gebyrsone

Eit område der vass- og avløpsgebyra bereknast åtskild frå gebyra i andre deler av kommunen. Kommunestyret kan fastsette gebyrsoner ut frå kva vass- eller avløpsanlegg abonnenten er knytt til, eller som eit geografisk område.

§ 1-4 Gebyrtypar skal lyde

§ 1-4 Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

a) Tilknytingsgebyr (eingongsgebyr for tilknyting)
b) Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr).
c) Gebyr ved midlertidig tilknyting
d) Vassmålargebyr
e) Tilsynsgebyr

Gebyra skal reknast ut særskilt for kvar gebyrsone, basert på kostnadane i den einskilde gebyrsona.

§ 3-7 Ansvar og betalingsfrist tredje ledd opphevast

§ 4-4 Avlesing av vassmålar første ledd tredje punktum opphevast.

II

Forskrifta trer i kraft straks ho er vedteke i kommunestyret.